

Fra boken "Husmannstid og husmannsfolk" av Arnfinn Engen, Dølaringen Boklag 2001. s. 137:

**Kva skjedde?**

”Utviklinga og avviklinga av husmannsvesenet er tett vove saman med heile samfunnsutviklinga mellom 1750 og 1930. Ei viktig årsak til at ordninga voks fram var det sterke befolkningspresset i det gamle samfunnet fram mot 1850, mangelen på jord og andre muligheter til næring for dei jordlause. Husmannsvesenet løyste eit problem ved å skaffe hus og tilgang til jord for desse gruppene, samstundes som det vart ein viktig del av arbeidskrafta i jordbrukssamfunnet. Husmennene hadde ein vesentleg del av æra for framgangen i det norske jordbruket i løpet av 1800-talet.

Det var ein sterk framgang i landbruket fram mot 1900 med stor produktivitetssauke. Dette hang mykje saman med mekaniseringa av jordbruket, men også andre faktorar spela sterkt inn, som til dømes betre gjødsling av jorda, innføring av kunsteng og ei rekke andre ting. Produktivitetssauken førte til eit mindre behov for arbeidskraft i jordbruket slik at bøndene til dels fann det meir lønsamt å drive jorda sjølve framfor å leige den bort til husmannsbruk. På den andre sida opna det seg nye muligheter med betre kår for husmannsfolket, dels i industrien i byane, og dels på dei amerikanske præriane. Dette førte til at arbeidarane reiste frå bygdene og frå landet. Etter kvart fekk dette så stort omfang at det vart eit problem for styresmaktene. Det vart ikkje att nok arbeidskraft for jordbruket. Og det var ofte dei unge og mest initiativrike som reiste bort. Det måtte settast inn mottiltak.

Husmannslova frå 1851 var nok ikkje mykje eit tiltak for å sikre arbeidskrafta. Arbeidskraftproblemet var ennå ikkje så alvorleg. Lova var meir ein reaksjon på den sosiale uro som kom som følgje av 1848-revolusjonane i Europa og Thrane-rørsla. Denne lova fekk relativt lite å seie. Og trass fleire initiativ dei følgjande åra for å endre husmannslovgjevinga, kom det ikkje til no positivt vedtak i Stortinget. Først da utflyttinga til byane og utvandringa til Amerika hadde tatt så mange arbeidarar frå bygdene at det tok til å bli mangel på arbeidskraft i jordbruket, fann styresmaktene det nødvendig å gripe inn. Og dei tiltaka som kom frå 1890-åra var først og fremst retta mot å prøve å binde arbeidskrafta til bygdene. Andre motiv var å løyse det sosiale problemet husmannsvesenet utgjorde, og fremme nydyrkinga. Sjølv om situasjonen for jordbruksarbeidarane på mange måtar blei endra da dei gjekk over frå å vere husmenn til å vere sjølveigarar på arbeidarbruk, skjedde nok ingen store endringar i den økonomiske og sosiale situasjonen deira. Veseintlege endringar her kom først som følgje i småbrukarrørsla og den politiske organiseringa som etter kvart kom, og med heile moderniseringa av det norske samfunnet.”